

Søknad om tilgang til bustøttesystemet

Du må lese igjennom føresegn om teieplikt på neste side. Både du og leiaren din må underskrive søknaden.

Skal du behandle søknader for fleire kommunar, må du sende inn søknad for kvar kommune. Søknaden må vere underskriven av leiaren som har ansvar for bustøtte i den einkilde kommunen.

E-læringskurset «Grunnkurs i bustøtte» er obligatorisk for saksbehandlarar som skal ha tilgang til å registrere i systemet. Men du kan òg ta kurset dersom du berre skal ha lesetilgang, og ønsker å lære meir om bustøtteordninga.

Du kan sende inn søknaden digitalt frå kommunen sitt saks- og arkivsystem. Husbankens org.nr. er 942 114 184. Kan du ikkje sende digitalt, kan du sende søknaden til post@husbanken.no

1 Opplysningar om søker

Namn:	E-post:	
Arbeidsstad (oppgi etat og kontor/avdeling)		
Kommunennummer:	Kommunenamn:	Bydel (Oslo)
Har du eller har du hatt tilgang til bustøttesystemet eller Ekstranettet tidlegare? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja → Oppgi brukarnamn		

2 Må fyllast ut av deg som skal registrere søknader om bustøtte

Skal du registrere søknader om bustøtte?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei → Gå til punkt 3
Har du gjennomført e-læringskurset i bustøtte?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Kven gir deg opplæring i bustøttesystemet?	

3 Må fyllast ut av deg som søker om lesetilgang til bustøttesystemet

Du må svare utfyllande på spørsmåla under. Søknaden blir avslått dersom spørsmåla ikkje er svarte på.

Kva jobbar du med? Det er kun dei som jobbar med ein av disse oppgåvane som kan få lesetilgang. <input type="checkbox"/> Eg jobbar i kommunen/NAV sitt publikumsmottak og rettleier søkerar i bustøttesaka deira <input type="checkbox"/> Eg jobbar med avrekning av statleg bustøtte mot kommunale ytingar (transport) <input type="checkbox"/> Eg er saksbehandlar for økonomisk sosialhjelp
Beskriv kort i kva situasjonar du har behov for å gjere oppslag i bustøttesystemet.
Kva opplysningar i bustøttesystemet har du behov for i arbeidet ditt?
Kor ofte har du behov for å gjere oppslag? Oppgi antal gonger per veke

Teieplikt og føresegn om vern av personopplysningar

Alle opplysningar i ei bustøttesak er underlagt teieplikta. Dette gjeld både opplysningar om at ein husstand får bustøtte og konkrete opplysningar i saka.

Teieplikta inneber òg at man har plikt til å skjerme opplysningar for uvedkomande. Ver derfor nøye med kven som har tilgang til sakspapir og kven som kan sjå informasjon på dataskjermar i kontormiljøet ditt.

Du har berre lov til å nytte bustøttesystemet i arbeidet med bustøtte eller for å sjå beløp ein søker har fått. Alle oppslag i bustøttesystemet skal vere knytte til ein reell sak du arbeider med. Andre typar oppslag eller bruk av systemet er forbode. All bruk av systemet blir logga.

Føresegn om teieplikt og vern av personopplysningar følger blant anna av forvaltningslova, folkeregisterlova og personopplysningslova. Brot på føresegna kan straffast.

Unntak fra teieplikta

Det er lov å utlevere opplysningar om bustøtte og husstanden som tek imot bustøtte når

- personen opplysningane gjeld samtykker. Samtykke bør vere skriftleg og den som samtykker må forstå kva han/ho samtykker til.
- NAV, Skattekontor eller sosialkontor i samband med saksbehandling har behov for opplysningar om kven som får bustøtte og eventuelt størrelse på beløp.
- kommunen har behov for opplysningar i samband med kommunale bustøtteordningar.

Føresegn om unntak frå teieplikta følger av forvaltningslova og forskrift om bustøtte § 12.

Behandling av personopplysningar

Husbanken behandlar og lagrar personopplysningar når du får tilgang til bustøttesystemet. Kontaktopplysningar, arbeidsgivar, nærmaste leiar og IP-adresse vil bli lagra i systemet for tilgangsstyring. Du har rett til å krevje innsyn i opplysningane Husbanken har om deg, og krevje at feil opplysningar blir retta og at opplysningar som ikkje lenger er relevante blir sletta. Husbanken har arkivplikt, og det kan medføre at retten til å få retta eller sletta opplysningar ikkje gjeld fullt ut jf. arkivlova og personvernlova.

Ønsker du innsyn, retting, sletting eller har spørsmål, kan du kontakte Husbanken sitt personvernombod.

Underskrifter

Eg har lest gjennom føresegnene om teieplikt og personvern.

Eg lovar å overhalda teieplikta og berre nytte opplysningane når det er nødvendig i arbeidet med bustøtte.

Stad/dato

Underskrift søker

Eg stadfestar at medarbeidaren har behov for tilgang til bustøttesystemet i sitt arbeid, og at opplysningane i søknaden er rette. Eg er innforstått med at viss medarbeidaren endrar arbeidsoppgåver eller sluttar, må Husbanken straks få beskjed.

Stad/dato

Underskrift leiar

Send skjemaet til post@husbanken.no